

KOMMISJONSVEDTAK

2007/EØS/16/09

av 23. juni 2003

om fastsetjing av status for storfebuskarar i visse medlemsstatar eller regionar i medlemsstatar som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose(*)*[meldt under nummeret C(2003) 1925]*

(2003/467/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skiping av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 64/432/EØF av 26. juni 1964 om dyrehelseproblemer ved handel med storfe og svin innenfor Fellesskapet⁽¹⁾, sist endra ved kommisjonsforordning (EF) nr. 1226/2002⁽²⁾, særleg vedlegg A kapittel I nr. 4, vedlegg A kapittel II nr. 7 og vedlegg D kapittel I avsnitt E, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I direktiv 64/432/EØF er det fastsett at medlemsstatar eller delar eller regionar i medlemsstatar kan verte godkjende som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose hjå storfebuskarar dersom visse krav i det nemnde direktivet er stetta.
- 2) Ved kommisjonsvedtak 1999/467/EF⁽³⁾, sist endra ved vedtak 2001/26/EF⁽⁴⁾, fekk visse medlemsstatar og regionar i medlemsstatar status som offisielt frie for tuberkulose hjå storfebuskarar.
- 3) Ved kommisjonsvedtak 1999/466/EF⁽⁵⁾, sist endra ved vedtak 2003/164/EF⁽⁶⁾, fekk visse medlemsstatar og regionar i medlemsstatar status som offisielt frie for brucellose hjå storfebuskarar.
- 4) Ved kommisjonsvedtak 1999/465/EF⁽⁷⁾, sist endra ved vedtak 2003/177/EF⁽⁸⁾, fekk visse medlemsstatar og regionar i medlemsstatar status som offisielt frie for enzootisk bovin leukose.
- 5) Belgia har for territoriet sitt og Italia for provinsane Ascoli Piceno, Bergamo, Lecco og Sondrio lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at alle krava i direktiv 64/432/EØF er stetta, slik at territoriet til Belgia og dei nemnde regionane i Italia kan verte godkjende som offisielt frie for tuberkulose hjå storfebuskarar.

6) Belgia har for territoriet sitt og Italia for regionen Sardinia og provinsane Ascoli Piceno, Bergamo, Como, Lecco, Mantova, Sondrio, Trento og Varese lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at alle krava i direktiv 64/432/EØF er stetta, slik at territoriet til Belgia og dei nemnde regionane i Italia kan verte godkjende som offisielt frie for brucellose hjå storfebuskarar.

7) Italia har for provinsane Ascoli Piceno, Bergamo, Brescia, Como, Lecco, Mantova, Sondrio og Varese lagt fram for Kommisjonen dokumentasjon som syner at alle krava i direktiv 64/432/EØF er stetta, slik at desse regionane kan verte godkjende som offisielt frie for enzootisk bovin leukose.

8) Av omsyn til klarleiken bør listene over medlemsstatar og regionar i medlemsstatar som er vortne godkjende som offisielt frie for tuberkulose, brucellose og enzootisk bovin leukose hjå storfebuskarar, først opp i den same rettsakta. Vedtak 1999/467/EØF, 1999/466/EØF og 1999/465/EØF bør difor opphevast.

9) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for næringsmiddelkjeda og dyrehelsa —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1***Medlemsstatar og regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for tuberkulose**

1. Dei medlemsstatane som er førde opp i kapittel 1 i vedlegg I, er godkjende som offisielt frie for tuberkulose hjå storfebuskarar.

2. Dei regionane som er førde opp i kapittel 2 i vedlegg I, er godkjende som offisielt frie for tuberkulose hjå storfebuskarar.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 169 av 8.7.2003, s. 51, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 93/2004 av 9. juli 2004 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 65 av 23.12.2004, s. 5.

⁽¹⁾ TEF 121 av 29.7.1964, s. 1977/64.

⁽²⁾ TEF L 179 av 9.7.2002, s. 13.

⁽³⁾ TEF L 181 av 16.7.1999, s. 36.

⁽⁴⁾ TEF L 6 av 11.1.2001, s. 18.

⁽⁵⁾ TEF L 181 av 16.7.1999, s. 34.

⁽⁶⁾ TEU L 66 av 11.3.2003, s. 49.

⁽⁷⁾ TEF L 181 av 16.7.1999, s. 32.

⁽⁸⁾ TEU L 70 av 14.3.2003, s. 50.

*Artikkel 2***Medlemsstatar og regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose**

1. Dei medlemsstatane som er førde opp i kapittel 1 i vedlegg II, er godkjende som offisielt frie for brucellose hjå storfebuskarar.
2. Dei regionane som er førde opp i kapittel 2 i vedlegg II, er godkjende som offisielt frie for brucellose hjå storfebuskarar.

*Artikkel 3***Medlemsstatar og regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose**

1. Dei medlemsstatane som er førde opp i kapittel 1 i vedlegg III, er godkjende som offisielt frie for enzootisk bovin leukose.
2. Dei regionane som er førde opp i kapittel 2 i vedlegg III, er godkjende som offisielt frie for enzootisk bovin leukose.

*Artikkel 4***Oppheving**

Vedtak 1999/465/EF, 1999/466/EF og 1999/467/EF vert oppheva.

*Artikkel 5***Adressatar**

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 23. juni 2003.

For Kommissjonen

David BYRNE

Medlem av Kommissjonen

*VEDLEGG I***KAPITTEL 1****Medlemsstatar som er offisielt frie for tuberkulose**

Belgia
Danmark
Tyskland
Frankrike
Luxembourg
Nederland
Austerrike
Finland
Sverige

KAPITTEL 2**Regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for tuberkulose**

I Italia:

- Regionen Lombardia: provinsane Bergamo, Lecco, Sondrio
 - Regionen Marche: provinsen Ascoli Piceno
 - Regionen Trentino-Alto Adige: provinsane Bolzano, Trento
-

*VEDLEGG II***KAPITTEL 1****Medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose**

Belgia
Danmark
Tyskland
Luxembourg
Nederland
Austerrike
Finland
Sverige

KAPITTEL 2**Regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for brucellose**

I Italia:

- Regionen Lombardia: provinsane Bergamo, Como, Lecco, Mantova, Sondrio, Varese
- Regionen Marche: provinsen Ascoli Piceno
- Regionen Trentino-Alto Adige: provinsane Bolzano, Trento
- Regionen Emilia-Romagna: provinsane Bologna, Ferrara, Forli-Cesena, Modena, Parma, Piacenza, Ravenna, Reggio Emilia, Rimini
- Regionen Sardinia: provinsane Cagliari, Nuoro, Oristana, Sassari

I Portugal:

- Den autonome regionen Azorane: øyane Pico, Graciosa, Flores, Corvo

I Det sameinte kongeriket:

- Storbritannia: England, Skottland, Wales
-

*VEDLEGG III***KAPITTEL 1****Medlemsstatar som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose**

Belgia
Danmark
Tyskland
Spania
Frankrike
Irland
Luxembourg
Nederland
Austerrike
Finland
Sverige
Det sameinte kongeriket

KAPITTEL 2**Regionar i medlemsstatar som er offisielt frie for enzootisk bovin leukose**

I Italia:

- Regionen Lombardia: provinsane Bergamo, Brescia, Como, Lecco, Mantova, Sondrio, Varese
 - Regionen Marche: provinsane Ascoli Piceno
 - Regionen Trentino-Alto Adige: provinsane Bolzano, Trento
 - Regionen Emilia-Romagna: provinsane Bologna, Ferrara, Forli-Cesena, Modena, Parma, Piacenza, Ravenna, Reggio Emilia, Rimini
 - Regionen Val d'Aosta: provinsen Aosta
-